



GOL KOMMUNE
Gamlevegen 4
3550 GOL

Sakshandsamar, telefon

Mabel Katrine Trovum, 22003589

Dette brevet er frå Statsforvaltaren som frem til 31.12.2020 het Fylkesmannen

Tilbakemelding på eigenkontrollrapport for avløpssektoren rapporteringsåret 2020 - Gol kommune

Gol kommune har alvorlege avvik i rapporteringsåret på grunn av for dårleg reinsing av fosfor. Kommunen har også manglar i rapporteringa for 2020. Manglande rapportering er å rekna som eit avvik frå krav i løyvet.

Rapporteringskjema for 2021 vil være tilgjengeleg for utfylling via Altinn frå februar 2022.

Statsforvaltaren i Oslo og Viken viser til eigenkontroll- og årsrapportar for Gol kommune sitt leidningsnett, samt Gol reinseanlegg og Golsfjellet reinseanlegg for rapportåret 2020.

Leidningsnett til Gol reinseanlegg

I skjema for årsrapport har de rapportert om 6 installerte nødoverløp. I Altinn har de rapportert om 3 installerte nødoverløp. Dette vart òg rapportert i 2019, og då informerte vi om at vi tolka dette som feilrapportering frå kommunen sin side. Kommunen må rapportere riktig for 2021, slik at talet på installerte nødoverløp er likt i Altinn og i skjema for årsrapport. Gjentakande feilrapportering er eit avvik frå løyvet.

De har ikkje rapportert om tilfelle med regnvassoverløp eller nødoverløp i 2020.

Gol reinseanlegg

Det er for 2020 rapportert at Gol reinseanlegg har mottatt og behandla 347 297 m³ avløpsvatn og at 2 650 m³ har gått i overløp. Avløpsvatn i overløp utgjer 0,76 % av alt vatn inn til reinseanlegget. Mengda avløpsvatn i overløp er dermed høgare i 2020 enn den var i 2019.

Gol reinseanlegg klarar ikkje reinsekravet for fosfor på 93 %. Reinsegraden for fosfor var på 91 % (årsmiddel) i 2020. Dette er eit gjentakande avvik frå krav i løyvet og er difor eit alvorleg avvik.



Gol reinseanlegg er også langt i frå å klare reinsekravet for BOF₅ på 70 % eller 25 mg O₂/l og KOF_{CR} på 75 % eller 125 mg O₂/l. Gjennomsnittleg berekna reinsegrad er i 2020 på 57 % for BOF₅ og 62 % for KOF_{CR}. I tillegg til dette overskrid alle utløpsprøvar 25 mg/l for BOF, medan 7 av 12 utløpsprøvar overskrid grensa på 125 mg/l for KOF_{CR}. Alle forutan ein av enkeltprøvane på BOF₅ har reinseffekt under 70 %, og alle enkeltprøvane for KOF_{CR} har reinseffekt under 75 %. Årsmidla reinsegrad for organisk stoff har gått ned dei siste åra, og vi legg til grunn at kommunen held fram med å gjere tiltak for å hindra at reinsegraden blir endå dårlegare. Gol kommune har søkt om dispensasjon frå sekundærreinsekrava frem til 2023, og søknaden er framleis til handsaming hos Statsforvaltaren.

I vår tilbakemelding på rapporteringa i fjor kommenterte vi på at det var 2 442 (dette har no økt til 2 790) innbyggjarar kopla på leidningsnett til reinseanlegget, og ingen fritidsbustadar. Likevel rapporterte Gol kommune at maksimalbelastning i pe (BOF₅) var 8 362 med $f_{maks}=2$. I år er denne belastninga rapportert til 7 809 pe (BOF₅). Gol kommune rapporterte for 2019 at dette var grunna påslepp frå Nortura slakteri som har veldig konsentrert avløpsvatn i periodar og variasjonar som gjer det vanskeleg å ha ein stabil reinsing. I utvida rapportering skriv de at de i prosessen med utviding av anlegget og innføring av sekundærreinsetrinn ser på nytt løyve for påslepp fra Nortura. Statsforvaltaren tar denne informasjonen til etterretning og minner om at vilkår som blir stilt i løyvet til påslepp til kommunalt nett, må være tilstrekkelege til at reinseanlegget kan driftast i tråd med vilkår gitt i eller i medhald av lov.

Leidningsnett til Golsfjellet reinseanlegg

I skjema for årsrapport har de rapportert om 2 installerte nødoverløp. I Altinn har de rapportert om 3 installerte nødoverløp. Vi minner igjen om at gjentakande feilrapportering er eit avvik, og at kommunen må rapportere riktig neste år.

De har ikkje rapportert om tilfelle med regnvassoverløp eller nødoverløp i 2020.

Golsfjellet reinseanlegg

Golsfjellet reinseanlegg klarar i dag reinsekrava sine. Det er for 2020 rapportert at Golsfjellet reinseanlegg har tatt imot og behandla 41 243 m³ avløpsvatn og at 30 m³ har gått i overløp. Dette er ein reduksjon samanlikna med i 2019.

Golsfjellet reinseanlegg har rapportert at dimensjonerande kapasitet for anlegget er 5 100 pe (BOF₅). I 2020 er det rapportert å være 30 innbyggjarar kopla på leidningsnett til reinseanlegget. Det er også rapportert om 574 tilknytte fritidsbustadar (ingen auke sidan i fjor). Den målte maksukebelastninga for BOF₅ i 2020 er 1 167 pe. Det er med andre ord stor variasjon i tilførsel i periodar i høgsesong med mykje hytteturistar og periodar i lågsesong.

Konklusjon

Gol kommune klarar ikkje reinsekravet for fosfor ved Gol reinseanlegg. Dette er eit gjentakande avvik frå i fjor og dermed eit alvorleg avvik. Gol kommune er i prosess med å bygge nytt reinseanlegg og har søkt oss om nytt løyve til drift av dette.

Gol kommune har manglar i rapporteringa for 2020. Feil i rapporteringa er å rekna som avvik sidan dei same feila vart kommentert på i tilbakemeldinga vår i fjor. Vi legg til grunn at kommunen rettar opp desse feila slik at rapporteringa for neste år blir fullstendig.

For oppdatert informasjon om rapporteringskrav og metode viser vi til rettleiar for eigenkontrollrapporteringa for avløp, som er tilgjengeleg på:

<https://www.miljodirektoratet.no/verktoy/skjema/arlig-rapportering-for-avlop/>



Rapporteringsskjema for 2021 vil være tilgjengeleg for utfylling via Altinn frå februar 2022. Vi minner om at årsrapportering til Statsforvaltaren skal leggst som vedlegg i Altinn. Skjema for årsrapportering kan de finne i vårt skjemabibliotek:

https://www.statsforvalteren.no/siteassets/fm-oslo-og-viken/skjema-og-tjenester/miljo-og-klima/avlop--arlig-rapportering/rapporteringsskjema_endelig_oppdatert_statsforvalteren.docx

Eigenrapportens data om årlege utslepp for reinseanlegg vil bli lagt ut på nettstaden «Norske Utslipp» i juni 2020. Se <https://www.norskeutslipp.no/no/Avlopsannlegg/?SectorID=100>

Med helsing

Hilde S. Skålevåg
seksjonssjef
Klima- og miljøvernavinga

Mabel Katrine Trovum
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:
Gol kommune v/ Elin Tangen